



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: **03 JAN 2014**

Vår ref.: 201300096-13/ 201206054-12/ 200905221-14/

201300229-17/ 201300221-13/ 201300135-11/

201204813-12/ 201005716-14/ 201208252-7 ksk/auko

ksk/krn

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Auen Korbøl, auko@nve.no

Kristine Naas, krn@nve.no

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til bygging av fleire småkraftverk i Suldal og Sauda kommunar, Rogaland – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 9 småkraftverk i Suldal og Sauda kommunar. Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av anlegga med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadane skal handsamast samstundes og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ønskjer at høyringspartane vurderar kvar sak for seg, men også alle sakane samla, der det er relevant. Vedlagt dette brevet ligg hovuddata og eit oversiktskart som viser dei planlagde kraftverkas plassering i høve til kvarandre.

Søknadene skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8, med unntak av Bråtveit kraftverk som skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/vannkraft, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Auen Korbøl i NVE på tlf. 22 95 93 44 eller epost: auko@nve.no.

NVE ber Suldal og Sauda kommunar om å leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn på Servicetorget, kommunehuset på Sand (Suldal) og Kundetorget, Rådhuset (Sauda) fram til **31.03.2014**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/vannkraft så snart som mogeleg og seinast innan **31.03.2014**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjongsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråsegrner eller delar av fråsegrna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegrna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Auen Kobal
for Øystein Grundt
seksjonssjef

Tor Carlsen
for Kristine Naas
overingeniør

Vedlegg: 4 Søknadar til kommunane
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Oversiktskart
Hovuddata for kraftverka
Adresseliste

Søknader: 1. Fivelandselva kraftverk, Sauda kommune
2. Svandalen kraftverk, Sauda kommune
3. Grøddalen kraftverk, Sauda kommune
4. Tysseelva kraftverk, Suldal kommune
5. Bråtveit kraftverk, Suldal kommune
6. Tysdal kraftverk, Suldal kommune
7. Sabakkeelva kraftverk, Suldal kommune
8. Nyastøljuvet kraftverk, Suldal kommune
9. Bjergaelva kraftverk, Suldal kommune

Hovuddata for dei planlagde kraftverka:

Kommune	Søknad	Søker	Vassdrag	Installert effekt MW	Produksjon GWh/år
Sauda	Fivelandselva kraftverk	Haugaland Kraft AS	Fivelandselva	4,80	13,6
Sauda	Svandalen kraftverk	Haugaland Kraft AS	Svandalselva	3,50	9,9
Sauda	Grøddalen kraftverk	Haugaland Kraft AS	Grøddalselva	2,90	10,2
Suldal	Tysseelva kraftverk	Småkraft AS	Tysseelva	5,44	17,2
Suldal	Bråtveit kraftverk	Bråtveit Kraft (SUS)	Kvernåna	3,10	11,4
Suldal	Tysdal kraftverk	Haugaland Kraft AS	Tysdalselva og Åsheimsbekken	2,65	7,9
Suldal	Sabakkeelva kraftverk	Blåfall AS	Sabakkeelva	3,60	9,9
Suldal	Nyastøljuvet kraftverk	Fjellkraft AS	Kvilldalsåna	1,30	3,4
Suldal	Bjergaelva kraftverk	Bekk og Strøm AS	Bjergaelva	5,00	13,7

Adresseliste for: Bygging av fleire kraftverk i Suldal og Sauda

Handsamast etter: Vassressurslova og energilova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Ryfylket, Suldalsposten og Haugesunds Avis

Søknader (nr.)	Tal på søknadar	Namn/adresse
1-3	3 av kvar	Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 SAND
4-9	3 av kvar	Sauda kommune, Postboks 44, 4201 SAUDA
		Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 STAVANGER
		Rogaland fylkeskommune, Postboks 130, 4001 STAVANGER
		Sunnhordland Kraftlag AS, Postboks 24, 5401 STORD
		Suldal Elverk KF, Postboks 134, 5239 SAND
		Haugaland Kraft AS, Postboks 2015, 5504 HAUGESUND
		Ryfylke friluftsråd, Gamle Jåttåvågen 67, 4020 STAVANGER
		FNF Rogaland, Gamle Jåttåvågen 67, 4020 STAVANGER
		Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
		Naturvernforbundet i Rogaland, Postboks 441, Sentrum, 4002 STAVANGER
		NJFF Rogaland, Postboks 131, 4291 KOPERVIK
		Sauda turlag, Postboks 432, 5501 HAUGESUND
		Stavanger turistforening, Postboks 239, 4001 STAVANGER
		Mattilsynet region Rogaland og Agder, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 BRUMUNDAL
		Statkraft region Vest-Norge, postboks 233, 4201 SAUDA
		Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, sentrum 20, 3630 RØDBERG
		Direktoratet for mineralforvaltning, postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
		Norges padleforbund, serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO
		Norsk ornitologisk forening, avd. Rogaland, Postboks 2101 Hillevåg, 4095 STAVANGER
Alle	1 av kvar	TBM – Anders Thon Bråten
Alle	1 av kvar	TBD – Karen Marie Straume
Alle	1 av kvar	ER – Kjell Erik Stensby

Kopi:

Haugaland Kraft AS, Postboks 2015, 5504 HAUGESUND

Bekk og Strøm AS, Kjøpmannsbråtet 5, 4352 KLEPPE

Fjellkraft AS, Postboks 7033 St. Olavs Plass, 0130 OSLO

Blåfall AS, Postboks 61, 1324 LYSAKER

Bråtveit Kraft SUS, C/O: Kari Bråtveit, Arnebyvegen 13A, 7024 TRONDHEIM

Småkraft AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

ORIENTERING TIL HØYRINGSPARTANE (revidert februar 2013)

Generelt

NVE er konsesjonsstyresmakt i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW) og andre vassdragstiltak. Kongen i statsråd gir løyve til større kraftutbyggingar.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve etter vassressurslova § 8.

Handsaming av søknaden fram til endeleg vedtak

NVE handsamar dei fleste av søknadane i grupper, vanlegvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer sakshandsaminga samstundes som høyringspartane og NVE kan sjå søknadane i samanheng.

NVE sender søknadane på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som søknadane vedkjem. Høyringsperioden er vanlegvis tre månader for søknadar som blir handsama gruppevis, og minst seks veker for enkeltsaker. Ein eventuell søknad om utsett frist må vere grunngjeven. NVE ventar at høyringspartane gir fråsegn på sjølvstendig grunnlag. Vanlegvis blir det ikkje gitt løyve til søknad om utsett frist, dersom det kan forseinke sakshandsaminga.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring. Dei som har uttalt seg i samband med høringa, blir inviterte til å delta på synfaringa. I konsesjonsvurderinga veg NVE fordelar og ulemper mot kvarandre, jf. vassressurslova § 25. Olje- og energidepartementet har som overordna politisk styresmakt gitt retningslinjer for handsaming av små vasskraftverk. Desse er å finne på NVE sin nettstad: nve.no.

Dersom NVE gir løyve, blir det knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkår vil omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

Kva forventar NVE av høyringspartane?

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Fråsegner om energipolitikken til styresmaktene på eit generelt grunnlag, er av avgrensa nytte i sakshandsaminga.

Særleg der søknader blir handsama i grupper, ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga.

Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om det.

Det blir forventa at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Fråsegnene, opplysningane i søknaden og retningslinjene frå Olje- og energidepartementet er viktige for vurderinga og vedtaket til NVE.

Rett til motsegn og klage

Ein treng ikkje handsama energianlegg etter plan- og bygningslova, og det er ikkje lenger krav om reguleringsplan. For å ta vare på meininga bak motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova, er det gitt reglar i energi- og vassdragslovgjevinga om rett til motsegn og klage, jf. vassressurslova § 24. NVE vil understreke at ei eventuell motsegn må bli fremja i høyringsperioden. Sjå nettstaden vår for meir informasjon: nve.no/konsesjoner.

Partane kan klage på NVE sitt vedtak til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt dei mottok orientering om vedtak. NVE syner til kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjerding.